

2024-2027

HANDLINGSPLAN FOR FØREBYGGING AV OMSORGSSVIKT OG UTVIKLING AV ALVORLEGE ÅTFERDSVANSKAR



Innhold

Innleiing.....	2
Overordna mål.....	3
Målgruppe.....	3
Medverknad.....	3
Nasjonale og lokale føringar og strategiar	4
Barnevernsreforma.....	4
Mål med barnevernsreforma	4
Større kommunalt ansvar for barnevernet.....	4
Større merksemd rundt førebygging	4
Auka fagleg og økonomisk ansvar.....	4
Tydeleg statleg andrelineteneste.....	5
Strategiar	5
Innsatsområde i barnevernsreforma	5
Førebygging og tidleg innsats	5
Aktivt lokalpolitisk eigarskap	5
Samfunnsplanen	5
FN sine berekraftsmål.....	6
Organisering førebyggjande tenester	6
Utfordringsbildet i Sykkylven kommune	7
Kommunen sin handlingsplan	7
Førebyggjande arbeid.....	8
Tiltak på ulike nivå.....	8
Satsingsområde 1	9
Satsingsområde 2	9
Satsingsområde 3	10
Satsingsområde 4	10
Oppsummering	11
Vidareutvikling framover	11

Innleiing

Uttrykket «**Det trengs ein heil landsby for å oppdra eit barn**» er eit afrikansk ordtak som betyr at barn og unge treng å bli sett, likt og inkludert av mange menneske kring seg. Filosofien bak ordtakinget viser til at barn lærer samspel og tryggleik av å vere ein del av eit fellesskap som bryr seg om dei. Uttrykket utfordrar også ideen om at barn er foreldra sitt ansvar, og tydeleggjer at alle har eit ansvar for å fange opp og hjelpe dei mest sårbare borna.

Barnevernsreforma tredde i kraft 01.01.2022 og regulerer først og fremst barnevernet. Samstundes flyttar den meir av ansvaret for førebygging frå barneverntenesta og til heile kommunen. Reforma skal bidra til å styrke det førebyggjande arbeidet og tidleg innsats i heile oppvekstsektoren. Difor er barnevernsreforma i realiteten ei *oppvekstreform*.

Barnevernloven § 3-1 gir kommunen ansvaret for generelle førebyggjande tiltak retta mot barn og unge, der kommunen skal «følge nøye med i de forhold barn lever under» og «finne tiltak som kan førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem» (Prop. 133 L, kap. 21). Kommunen skal ha ein plan for det førebyggjande arbeidet i tråd med §15-1 i den nye Loven om barnevern, som beskriv kommunens ansvar for å førebygge omsorgssvikt:

Lov om barneverntenester § 15-1

«Kommunen skal fremme gode oppvekstsvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsproblemer. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier. Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er måla for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide» (Lov om barnevern § 15-1).

Handlingsplanen skal vere kommunen sitt styringsverktøy i politisk og administrativ leiing. Planen skal sikre at kommunen står samla om det overordna målet ved å koordinere og forankre eit tverrfagleg arbeid for å sikre barn og unge gode oppvekstsvilkår.

Planen er todelt:

- Del 1 tek føre seg overordna strategiar, lovverk, retningsliner.
- Del 2 beskriv kommunen sin konkrete handlingsplan

I tillegg til planen er det utarbeida eit eige **kunnskapsgrunnlag** med detaljert informasjon om status i Sykkylven kommune, m.a. oppvekstprofil, utanfor-rekneskapet, skulefråvær, rusmiddelbruk, kriminalitet, psykisk helse. Kunnskapsgrunnlaget ligger vedlagt denne planen.

Overordna mål

- Alle barn og unge i Sykkylven skal ha gode og trygge oppvekstvilkår
- Alle barn og unge skal med den rette hjelpa:
 - Skjermast for omsorgssvikt
 - Førebygge utvikling av alvorlege åtferdsvanskar
 - Opplive heilskaplege og tverrfaglege tenester
 - Kjenne på meistring og livsglede
 - Opplive inkludering og tilhøyrse

Målgruppe

- Familiar der barn og unge ikkje får dekkja sine grunnleggande eller særskilde behov
- Familiar der foreldre har utfordringar som kan påverke deira omsorgsevne

Medverknad

Arbeidsgruppa for utarbeiding av denne planen har bestått av sentrale funksjonar som i særleg grad har oppgåver og ansvar knytt til tenester til barn og unge: einingsleiar kommunale barnehagar, avdelingsleiar Aure barneskule, sosialpedagogisk rådgjevar Sykkylven ungdomsskule, fagleiar Sykkylven vidaregåande skule, einingsleiar barne- og familietenestene, rådgjevar helse og rådgjevar oppvekt.

I tillegg er det henta inn innspel frå fagspesifikke tenester som barnehagar, skular, helsestasjons- og skulehelsetenesta, barneverntenesta, rus- og psykiatritenesta, ergoterapitenesta, fysioterapitenesta, NAV, politi m.m.

Barn og unge i Sykkylven kommune, skal bli høyrte og deira meining skal vektleggast i planarbeidet. Denne retten er nedfelt i Grunnlovens § 104 og følger av Barnekonvensjonens artikkel 12. Barn og unge som gruppe kan involverast i utgreiingar og i avgjerder knytt til utvikling av kommunale tiltak, i høyringar og i samband med tenesteutvikling (Bufdir).¹

I all sakshandsaming som vedgår barn og unge skal «barnets beste» vere eit grunnleggande prinsipp. Dette gjeld både på individ- og systemnivå. Retten til å bli høyrte er lovfesta i m.a. barnekonvensjonen. Avgjerder bør byggje på følgjande:

- Vite (kunnskapsgrunnlag)
- Vurdere (konsekvensar for barn/unge, kort og lang sikt)
- Vekte (vege barnets omsyn opp mot andre omsyn)
- Vise (dokumentere vurderingane og grunngi avgjerdene)

Denne planen er handsama i følgjande organ:

- Ungdomsrådet
- Levekårsutvalet
- Rådet for personar med funksjonsnedsetting
- Kommunestyret

¹ [Prinsipper og råd: Barn og unges medvirkning på systemnivå | Bufdir](#)

Nasjonale og lokale føringar og strategiar

Barnevernsreforma

Barnevernsreforma (oppvekstreforma) tredde i kraft 01.01.2022 og tydeleggjer at *«Kommunen skal fremje gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å førebygge at barn og unge utsettast for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Kommunen skal samordne sitt tenestetilbod for barn og familiar»*. Det leggst stor vekt på tidleg innsats og samarbeid på tvers av kommunale tenester.

Mål med barnevernsreforma

- Kommunen skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging
- Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og familien sitt behov
- Rettssikkerheita til barn og familiar skal bli godt ivaretatt
- Bruk av ressursar og løysing av oppgåver skal bli meir effektiv

Større kommunalt ansvar for barnevernet

Førebyggjande verksemd og samarbeid er lovfesta i større grad enn tidlegare. Mange barn og unge har behov for tiltak og tenester frå fleire instansar og ein sentral føresetnad for å lykkast med førebygging er eit godt tverrfagleg og tverretatleg samarbeid. Barnevernsreforma gir altså kommunen eit større ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Dette stiller krav til leiing i barnevernet, til kommunens styring av barnevernet og til det samla familiestøttande arbeidet.

Større merksemd rundt førebygging

Tidleg innsats er først og fremst ein investering i innbyggjarens velferd, men kan også reknast som ein investering som kan spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare. Bakgrunnen for dette er kommunen sin nærleik til familiane, og innsikt i behova til barn og foreldre.

Eit godt førebyggjande arbeid handlar om å:

- Identifisere behova i befolkninga
- Sørge for relevante tilbod frå ulike instansar
- Tydeleg definere kva roller ulike instansar skal ha. Tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse. Legge til rette for at dei ulike tenestene samarbeider

Auka fagleg og økonomisk ansvar

Med barnevernsreforma får kommunen auka økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar samt høgare eigenandel for statlege barnevernstiltak. Kommunen får og eit auka fagleg ansvar, mellom anna med eit heilskapleg ansvar for oppfølging og rettleiing av fosterheimar. Endringa skal samla sett gi eit betre barnevern, slik at flest mogleg barn kan få tilpassa hjelp innanfor dei ressursane barnevernet og kommunen disponerer. Endringa vil og gi kommunen sterkare insentiv til å arbeide førebyggjande.

Tydeleg statleg andrelineteneste

Barnevernsreforma bygg på at det skal vere ei tydeleg statleg andrelineteneste. Gjennom ansvar for oppgåver på spesialisert nivå skal det statlege barnevernet utfylle det kommunale nivået i barnevernet.

Strategiar

Innsatsområde i barnevernsreforma

- Barnet sitt behov skal stå i sentrum
- Tydeleg fordeling av ansvar mellom stat og kommune
- Styrking av utdanning og kompetanse i barneverntenesta
- Lokal forankring og styring

Dette legg føringar for førebygging og tidleg innsats, heilskapleg tenestetilbod, samarbeid mellom sektorar, kommunal styring og samarbeid mellom kommunar.

Førebygging og tidleg innsats

Med førebygging og tidleg innsats kan ein spare kommunen for meir inngripande og dyre tiltak som institusjonsplassar. Det vil likevel ta tid å få nytte det økonomiske handlingsrommet som kommunen får med auka overføring i ramma. Grunnen til dette er at fleire ressursar er bunde opp i barn som i dag er plassert i fosterheim eller institusjon. Sjølv om ei omsorgsovertaking skal vere midlertidig, er det sannsynleg at til dømes barn som er to år og plassert i fosterheim, vil bli buande der til dei blir 19-20 år. Det vil og i framtida vere barn som må flytte i fosterheim eller institusjon, på tross av førebyggjande tiltak.

Aktivt lokalpolitisk eigarskap

Eit aktivt politisk eigarskap til barnevernet er viktig for å nå målet om eit betre barnevern. Kommunestyret må ha god kunnskap om tilstand i barneverntenesta for å ta overordna ansvar for at tenesta har rett kapasitet og kompetanse for å yte forsvarlege tenester. Kunnskap om tenester er viktig for god samordning av kommunen sine samla tenester til barn og unge. I den nye barnevernslova blir det lagt til rette slik at kommuneleiinga i større grad kan leie barneverntenesta på lik linje med andre tenester. Kommunestyret får minst ein gong i året ein rapport om tilstanden i barneverntenesta.

Samfunnsplanen

I kommunen sin [samfunnsplan \(2023-2027\)](#) er det vedteke at Sykkylven:

- er ein kommune der skaparglede er ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet
- skaper trivsel, sosiale og friske menneske som meistrar eigen kvardag
- er ein levande og skapande kommune, ein kommune med mangfald, som pulserer, skaper energi og kreativitet

- er eit samfunn som skaper gode løysingar, tilpassa den enkelte sine behov
- skaper gode tilhøve til naboane våre, og gjere nytte av at vi ligg nær både by og fjell
- bygg stoltheit og identitet ved å ta det beste frå fortida med oss inn i framtida
- er ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål

FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål skal leggest til grunn for all samfunnsutvikling i Sykkylven kommune. I arbeidet med planen for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av alvorlege åtferdsvanskar er fylgjande berekraftsmål særleg viktige:

Mål 1 handlar om å utrydde fattigdom

Mål 3 handlar om god helse og livskvalitet

Mål 4 handlar om god utdanning

Mål 10 handlar om mindre ulikskap

Mål 17 handlar om samarbeid for å nå måla



Organisering førebyggjande tenester

I Sykkylven kommune er store deler av det førebyggjande arbeidet for barn og unge organisert under kommunalområdet *Oppvekst*. Legetenester og avlastande tenester er organisert under kommunalområdet *Helse*, medan kulturtilbodet er organisert under kommunalområdet *Samfunn*.

Oppvekstreformen krev større samhandling mellom kommunale tenester for å førebygge omsorgssvikt og utvikling av alvorlege åtferdsvanskar. Sykkylven kommune har eit godt utbygd tenestetilbod, men utfordringa er å sikre god nok samhandling mellom dei ulike kommunalområda og bygge ned alle former for «silotenking».

Utfordringsbildet i Sykkylven kommune

Utfordringsbilete for Sykkylven er nærare skildra i **kunnskapsgrunnlaget**, jf. vedlegg.

Kommunen sin handlingsplan

For å oppfylle oppdraget om å førebygge omsorgssvikt og utvikling av alvorlege åtferdsvanskar hjå barn og unge er det fire satsingsområde kommunen skal ha fokus på.

Satsingsområda skal sikre at kommunen når det overordna målet:

Sykkylven kommune skal sikre alle barn og unge trygge, inkluderande og utviklande oppvekstvilkår. Kommunen skal hindre at sårbare barn og unge opplever utanforskap og førebygge at dei utviklar alvorlege åtferdsvanskar.

For å nå dette målet har kommunen valt ut **fire** satsingsområde for denne periode:

1. Betre tverrfagleg innsats (BTI)
2. Nettverk for tidleg innsats og førebygging
3. Tverrfaglege samarbeid
4. Kunnskaps- og kompetanseheving

Det Sykkylven kommune observerer er at utfordringsbiletet er meir kompleks og samansett enn tidlegare. Dette krev både at vi klarer å samarbeide på tvers av einingane, men også at vi får rekruttert tilsette med relevant kompetanse, erfaring og vidareutdanning.

Komplekse utfordringar treng innovasjon og nytenking, vi må finne arbeidsmodellar der vi kan nytte eksisterande ressursar og kompetanse på best mogleg måte. Vi må mellom anna sikre at kompetanse knytt til einskilde barn med særskilde behov kan følgje barnet og familien uavhengig av tilknyting til tenester.

Når det er avdekt behov og sårbarheiter hjå barn, unge og deira familiar og det er iverksett tiltak, er det naudsynt å sikre eit godt samarbeid og kunnskapsdeling slik at «sikkerhetsnettet» rundt familien og det einskilde barn ved ulike overgangar som frå barnehage til barneskule, og vidare til ungdomsskule og vidaregåande skule.

Tiltaksoversikta over førebyggjande tiltak (jf. vedlegg) viser at kommunen har mange ulike tiltak innan universell- og selektiv førebygging. Utfordringa kan vere å få tilboda godt nok kjent blant både innbygarane og tilsette i kommunen. Kommunen skal arbeide med å bygge ned terskelen for å søke hjelp, spreie god informasjon og kunnskap for å ufarleggjere at alle kan oppleve utfordringar i ulike fasar av livet og med behov for ulike former for bistand.

Førebyggjande arbeid

Innan det velferdspolitiske feltet rettar omgrepet førebygging seg mot forhindring av sosiale problem ved å forsøke å eliminere eller avgrense ei uønskt utvikling². Ein skil mellom universell, selektiv og indikert førebygging.


Universell førebygging handlar om å forhindre at problem oppstår og sette inn generelle tiltak retta mot store og uselekterte befolkningsgrupper før problem oppstår.

Selektiv førebygging brukast om tiltak som skal hindre at problem vedvarer eller vidareutviklast og tiltak er retta mot identifiserte utsette grupper.

Indikert førebygging omfattar tiltak retta mot identifiserte, ofte tungt belasta målgrupper. Innsatsen går ut på å motverke ei forverring av problema, og grensar derfor opp mot behandling og rehabilitering. Desse tiltaka er en viktig del av Barnevernsreforma og Oppvekstreforma, men ikkje av ein førebyggjande plan.

Tiltak på ulike nivå

Sykkylven kommune skal ha tilbod om tiltak som stettar innbyggjarane sine behov. Det er avgjerande at kommunen har ei brei og samansett tiltakspakke som er forankra i tverrfagleg innsats. Tiltaka skal vere i tråd med tiltakspyramiden. Ei slik liste vil vere i kontinuerleg endring. Kommunen sine tiltak skal vere synleg på kommunen si heimeside. Eit viktig ledd i det førebyggjande arbeidet er å nå ut til innbyggjarane med relevant og lett forståeleg informasjon om kommunen sine tenestetilbod. Oversikt over kommunen sine tenester og tiltak er tilgjengeleggjort digitalt på [heimesida](#).



² [Hva er forebygging? - forebygging.no](http://Hva%20er%20forebygging%3F-%20forebygging.no)

Satsingsområde 1

Betre tverrfagleg innsats (BTI)

Kommunen nyttar samhandlingsmodellen Betre Tverrfagleg Innsats (BTI). Det overordna formålet med BTI-arbeidet er å bidra til at barn, unge og deira familiar får nødvendig hjelp så tidleg som mogleg. Målgruppa for arbeid etter BTI-modellen er barn og unge som har behov for hjelp, støtte og ekstra oppfølging i korte eller lengre periodar i livet. BTI-modellen skal kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats frå involverte tenester utan at det vert brot i oppfølginga. BTI bidreg til tidleg innsats, samordning mellom ulike tenesteområde og medverknad.

Tiltak innanfor satsingsområdet 1

1. Implementere BTI modellen i alle tenesteområda til barn og unge
2. Implementere handlingsretteleiar i alle tenesteområda til barn og unge
3. Implementering av teneste- og tiltaksversika i alle tenesteområda til barn og unge
4. Nytte digitale samhandlingsverktøy. Implementering av Visma Samspill.
5. Informere innbyggjarane om BTI-arbeidet (handlingsretteleiar og tiltaksversikt)

Satsingsområde 2

Nettverk for tidleg innsats og førebygging

Kommunen er med i ulike nasjonale, regionale og lokale nettverk i helse- og oppvekstsektoren. Kommunen arbeider gjennom nettverk for tidleg innsats og førebygging med å styrke og utvikle tenestene til barn og unge. Nettverka skal bidra til tidleg innsats, tverrfagleg samordning, og at oppgåver blir ivaretatt på ein effektiv og kvalitativ god måte. For effektiv ressursbruk er det viktig at ein i hovudsak nyttar allereie etablerte nettverk.

Tiltak innanfor satsingsområde 2

1. Delta i nasjonale og regionale nettverk for å dele idear og erfaringar, tileigne ny kunnskap og kompetanse, og vere med på utviklingsarbeid i vår region
2. Vidareutvikle etablerte nettverk mellom barnehagane i kommunen for å dele idear og erfaringar.
3. Vidareutvikle etablerte nettverk mellom skulane i kommunen for å dele idear og erfaringar
4. Vidareutvikle etablerte nettverk på tvers av helse- og oppvekstsektoren

Satsingsområde 3

Tverrfagleg samarbeid

Kommunen har ansvar for å sikre trygge og gode oppvekst- og læringsmiljø for at det enkelte barn skal trivast, kunne utvikle seg og ha like moglegheiter. Førebygging av omsorgssvikt handlar i stor grad om familiestøtte, og oppvekstreforma seier at kommunen skal tidlegare inn med breiare tiltak utanfor barnevernet.

Tiltak innanfor satsingsområde 3

1. Involvering av barn og unge og deira føresette gjennom samarbeid
2. Ansvarsgruppemøter
3. Fagmøter
4. Fagteam
5. Skulefråversteam
6. Familieteam
7. Rusførebyggande team
8. Psykisk helseteam barn og unge
9. Samarbeid med andre offentlege tenester
10. Samarbeid med andre private tenester
11. Samarbeid med frivillig sektor

Satsingsområde 4

Kunnskaps- og kompetanseheving

Kommunen har ansvar for å legge til rette for etter- og vidareutdanning av tilsette slik at vi samla har rett kompetanse for å nå målet om å styrke det tverrfaglege samarbeidet og betre samordninga i laget rundt barnet. På same måten må kommunen legge til rette for at foreldre får nødvendig kunnskap og kompetanse om barn og barns utvikling for å trygge dei i foreldrerolla. Felles opplæring gir felles forståing og arbeid mot felles mål.

Tiltak innanfor satsingsområde 4

1. Følgje nasjonale og regionale føringar og satsingsområde i fagutviklinga
2. Tilby felles kurs og kompetanseheving til tilsette i helse- og oppvekstsektoren
3. Tilby kurs og rettleiing til foreldre og føresette til barn og unge
4. Tilgjengeleg oversikt og informasjon om tenester og tiltak knytt til barn og unge

Oppsummering

Sykkylven kommune ynskjer å vere den landsbyen som trengs for å oppdra eit barn, og kommunen har som mål at alle barn og unge lærer godt samspel på alle arenaer dei oppheld seg. Sjølv om den daglege omsorga ligg til foreldra sitt ansvar, har kommunen eit ansvar for å identifisere, fange opp og hjelpe dei mest sårbare barna.

Kommunen skal difor halde fram med å styrke det førebyggjande arbeidet og tidleg innsats i heile helse- og oppvekstsektoren. Denne handlingsplanen og **kunnskapsgrunnlaget** skal vere eit oversikts- og styringsverktøy som sikrar at kommunen står samla om det overordna målet om å koordinere og forankre eit tverrfagleg arbeid for å sikre barn og unge gode og trygge oppvekstvilkår i kommunen.

Vidareutvikling framover

For å styrke dette arbeidet ytterlegare skal kommunen framover

1. etablere og drifte psykisk helseteam for barn og unge
2. vurdere oppretting av SLT-koordinatorfunksjon
3. jobbe med felles fagleg forståing for tenester knytt til barn og unge på tvers av helse- og oppvekstsektoren
4. systematisere implementering av BTI modellen i alle tenesteområda til barn og unge
5. synleggjere BTI-modellen, handlingsrettleiaren og tiltaksoversikta på startside til kommunen si heimeside
6. systematisere opplæring i og bruk av digitale samhandlingsverktøy
7. systematisere informasjonsarbeidet til innbyggjarane om BTI-arbeidet og bruken av handlingsrettleiaren
8. jobbe fram ein felles overordna kompetanseoversikt og -utviklingsplan for alle tenester i helse- og oppvekstsektoren knytt til barn og unge